

Saksprotokoll i Ad Hoc utval - Skuleutvalet - 09.10.2018

Dialog med leiinga ved kulturskulen

Får kulturskulen møtte einingsleiar Hege Haugen og inspektør Skjalg Fladset-Skrove. Kulturskulen var invitert til dialog om eventuelt å bruke Tresfjord oppvekstsenter til kulturskule. Hege Haugen hadde i starten ein presentasjon, der ho trakk fram både positive og negative sider med å bruke Tresfjord oppvekstsenter som kulturskule.

Positive faktorar som vart trekte fram:

- Skape meir aktivitet i bygda
- Betre lokalitetar enn det kulturskulen har i dag
- Kjøkken og kantine nær salen
- Salen har potensiale
- Huset kan romme større arrangement

Utfordringar for elevar og føresette:

- Lang reiseveg frå utkantane
- Lang reiseveg for elevar på vgs (går til dømes på skule i Molde og må vidare til Tresfjord, for å ha undervisningstime)
- Færre vil få si undervisning i SFO-tida
- Fleire elevar vil då få si opplæring på ettermiddag, med fare for at dette kolliderer med andre aktivitetar

Utfordringar for tilsette:

- Lang reiseveg
- Meir køyring i arbeidstida
- Meir kveldsarbeid
- Tverrfagleg samarbeid blir utfordrande
- Mindre fellestid

Administrative utfordringar:

- Splitta kulturavdeling
- Meir køyring i arbeidstida
- Myra kulturbygg – kven skal ha ansvaret for dette bygget?
- Fellestid personale – blir vanskelegare å få til

Hege viste også til utbetringer som måtte gjerast ved Tresfjord oppvekstsenter, for å gjere det om til kulturskule. Klasserom må delast inn til mindre øvingsrom. Det må gjerast utbetringer både med isolering og for å betre akustikken. Det må følgjast nasjonale standarar på dette området. Salen har ikkje god akustikk i dag. Den har svært lang etterklang og det må gjerast tiltak i salen for å gjere den om til kultursal. Det er òg nasjonale standarar knytt til akustikken i salar som er tenkt bruk til kulturføremål. Kulturskulen ser det som vanskeleg å bruke salen i fellesskap med anna frivillig aktivitet. Ved ei ombygging til kultursal vil mykje utstyr vere montert og stå framme til ei kvar tid. Skulen meiner derfor at det er vanskeleg å sjå for seg sambruk der salen skal brukast til ulike sportsaktivitetar. Det må leggjast til rette for ein dansesal med parkett og dansematter i dagens klasseromsfløy.

Leiarane i kulturskulen var ærlege på at det å flytte kulturskulen ut av sentrum ikkje var ei god løysing, verken for elevar eller tilsette. Dei er redde for at dei får ein reduksjon i elevtalet og at ulempene for dei tilsette kan føre til at dei mistar verdifull kompetanse ved skulen. Som ei følgje av dette vil skulen miste statusen den har i dag, både i kommunen og elles i fylket. Dei ser òg ulempene for elevane og føresette knytt til logistikk og transport. Det blir vanskelegare å gi undervisning i SFO-tida, som dei gjer i dag. Det er mange foreldre som er glade for at deira barn kan få si undervisning i denne tida.

Lysbileta i kulturskulen sin presentasjon:

Vestnes kommune midt i blinken VESTNES KULTURSKULE

TRESFJORD SKULE

ein stad for kulturskulen?

Alder	Elevplassar
Under skulealder	49
Småsteget (1.– 4. årssteg)	154
Mellomsteget (5.– 7. årssteg)	159
Ungdomssteget (8.– 10 årssteg)	86
Eldre elevar/vaksne	36
Totalt	484

Elevtal

Krins	Elevplassar
Fiksdal/Rekdal	14
Tomrefjord	134
Helland	277
Tresfjord	29
Daugstad/Vike	21
Andre kommunar	9

Elevtal

UNDERVISNINGSTID

Undervisningstid	Antal elevar
13.00 – 15.00	184
15.00 – 17.00	215
Etter 17.00	85

Positive sider

- Skape meir aktivitet i bygda
- Bygningsmessig betre enn det vi har i dag
- Kjøkken og kantine nær salen
- Salen har potensiale
- Huset kan romme større arrangement

Behov for tilrettelegging

Undervisningsrom

- Akustisk tilrettelegging – nasjonal standard
- Fleire små rom

Dansesal

- Dansematter eller parkett
- Barrer og speil

Salen

- Akustisk tilrettelegging – nasjonal standard
- ombygging til kultursal

Utfordringar for undervisningspersonalet

- Lang reiseveg
- Meir køyring i arbeidstid
- Meir kveldsarbeid
- Tverrfagleg samarbeid blir utfordrande
- Mindre fellestid


Administrative utfordringar

- Splitta kulturavdeling
- Meir køyring i arbeidstid
- Myra kulturbygg?
- Fellestid for personalet

Utfordringar for elevar og føresette



Størst endring (283)



Ingen, eller lita endring (140)

- Korpselevane (80)
- Klassisk gitar Tomrefjord (10)
- Dans barnesteg Tomrefjord (50)

Mogleg konsekvens

- 1 Redusjon i elevtal
- 2 Miste verdifull kompetanse
- 3 Miste status

Kultureininga



Vestnes
kommune



midt i blinken



VESTNES
KULTURSKULE

- Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.
- Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit

Etter at leiinga av kulturskulen var ferdig, oppsummerte utvalet synspunkta som kom fram i presentasjonen og dialogen med kulturskulen. No skal bruken av Tresfjord oppvekstsenter vere tema i dialogmøtet med kommunestyret, tysdag 16.10.18. Utvalet vil då få meir informasjon frå leiarane i skulesektoren, om korleis dei ser på bruken av oppvekstsenteret til ulike alternative skuleføremål.

Bruken av Tresfjord oppvekstsenter til kulturskule er høgst aktuelt, og har ved fleire høve vore diskutert i skuleutvalet.

Martin Kjøpstad frå Venstre meinte, ut frå det han fekk presentert frå kulturskulen, at det blir vanskeleg å flytte kulturskulen til Tresfjord oppvekstsenter. Han skisserte då eit forslag om at Tresfjord oppvekstsenter skal brukast til undervisningsareal for elevane på mellomsteget i Tresfjord og Helland krins. Tresfjord oppvekstsenter vert då samanslått med Helland skule med ein felles administrasjon. Han forutset at planen om felles ungdomsskule ligg fast, anten ved nybygg, eller at ein rustar opp og byggjer ut det eksisterande ungdomsskulebygget på Helland. Kulturskulen vil då anten kunne få lokale i det gamle ungdomsskulebygget, eller i 2. etg. på barneskulebygget. Han meinte at Fiksdal oppvekstsenter og Tomrefjord skule òg bør slåast saman med ein felles administrasjon. Skulebygget i Fiksdal blir då nytta så lenge det er behov for det. Dette kan leggast fram som ei felles sak.

Orientering frå møtet med Norconsult

Norconsult er leigd inn for å gjere tilleggsutgreiingar for skuleutvalet. Dei vil sjå på kostnadane knytt til å rive symjehallen og kva garderobearealet som då opnar seg opp, eventuelt kan nyttast til. Det kan til dømes vere SFO-areal, personalrom og arbeidsplassar for lærarane. Dei vil vidare kome med ei skisse for eit mellombygg mellom eksisterande ungdomsskule og dagens barneskule. Dette for å sjå på moglegheita for å «byggje» ein felles ungdomsskule i kommunen med bruk av eksisterande bygningsmasse og eit tilbygg. Norconsult vil då utarbeide 2 alternativ for ombygginga av det gamle ungdomsskulebygget. Det eine av desse alternativa skal innebere så små bygningsmessige endringar som mogleg. Det er då berre snakk om oppussing av overflater. Det er då ikkje tenkt at ein endrar strukturen og rominndelinga i bygget. I det andre alternativet vil dei sjå på moglegheita for å endre rominndelinga i 2. etg i bygget, for å kunne dele inn arealet igjen på nytt. Då har ein moglegheit til å ta med seg tankane om å organisere klasseromma i trinnareal, som vart lansert i planlegginga av ny ungdomsskule. Dette alternativet vil gi større moglegheit til å forme bygget på nytt. Då vil ein kunne ta høgde for ulike arbeidsformer, bruken av digitale hjelpemiddel og tverrfagleg arbeid, når ein utformar undervisningsareaala.

Involveringa av brukargrupper

Skuleutvalet ønskjer dialog med dei ulike brukargruppene i sektoren. Utvalet vil vente litt med dette, til dei har kome endå lenger i prosessen med å «meisle ut» dei ulike alternativa til ny skulestruktur.

Neste møte i skuleutvalet

Neste møte i skuleutvalet blir tysdag 30.10.18, kl. 18.00.